

Tid: Måndag 13. april 2015, kl. 15.33 – 16.28.

Stad: Grand Hotel Terminus, Bergen.

Frammøtte: 16 medlemmer med røysterett.

Saksliste

1. Konstituering
2. Årsmelding
3. Revidert rekneskap
4. Fastsetjing av kontingent
5. Budsjett
6. Handlingsplan
7. Val av styre
8. Val av valkomité på tre medlemmer etter framlegg frå styret.
9. Framlegg fremja av medlemmer eller styret

Landsmøtet vart opna av styreleiar Karin Gjelsten kl. 15.33.

Sak 1. Konstituering

Det vart gjort følgjande framlegg til tillitsverv:

Møteleiar: Terje Haram, Bergen Byarkiv.

Bisittar: Snorre Dag Øverbø, Aust-Agder kulturhistoriske senter.

Underteikning av protokollen: Anita Haugen Lie, IKA Hordaland, og Anne Aune, Hordaland fylkesarkiv.

Referent: Inger Lene Nythingnes, LLP.

Vedtak: Framlegget vart einstemmig godkjent av landsmøtet.

Sak 2. Årsmelding

Styreleiar gjekk gjennom årsmeldinga og organisasjonen sine aktivitetar i 2014.

Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig godkjent av landsmøtet.

Sak 3. Revidert rekneskap

Nestleiar orienterte om årsrekneskapet for 2014 som syner eit positivt resultat på kr. 11 821. LLP har ein eigenkapital på kr. 1. 078 479.

Det vart påpeika frå ein representant i salen at revisjonsberetninga såg ut til å vere ein kladd, og at den ikkje var signert av revisor. Frå styret vart det forklart at det av praktiske årsaker ikkje hadde vore muleg å få årsrekneskapet signert av alle styremedlemene før saksdokumenta var sendt ut til medlemene. Revisjonsberetninga var difor ikkje signert. Det vart gjort framlegg frå salen om at

signert revisjonsberetning skal leggst ut på LLP sine nettsider saman med protokollen frå landsmøtet.

Det kom og spørsmål frå salen om grunnane til eit vesentleg inntektsnedfall frå 2013 til 2014. Dette vart forklart frå styret med at organisasjonssekretær si arbeidskraft har vore utleigd til Bergen Byarkiv. Dette gav inntekter til lønsutgifter for organisasjonssekretær og har ikkje medført verken inntening eller utgifter for LLP. Denne ordninga vart avslutta i 2013.

Vedtak: Signert revisjonsberetning skal leggst ut på LLP sine heimesider, saman med landsmøteprotokollen. Det reviderte årsrekneskapet vart godkjent av landsmøtet.

Sak 4. Fastsetjing av kontingent

Møteleiar la fram styret sitt forslag til kontingentsatsar. Styret føreslo i år ei auke og gjorde framlegg om følgjande kontingentsatsar:

Ordinært medlemskap: Kr. 1300 pr. årsverk pr. år

Assosiert medlemskap: Kr. 1000 pr. år

Makspris: Kr 9500 pr. år

Personleg medlemskap: Kr. 200 pr. år

Vedtak: Styret sitt framlegg til kontingentsatsar vart einstemmig vedtatt.

Sak 5. Budsjett

Nestleiar la fram styret sitt framlegg til budsjett og bakgrunnen for kvar post.

Vedtak: Styret sitt framlegg til budsjett vart einstemmig vedtatt.

Sak 6. Handlingsplan

Nestleiar gjorde greie for handlingsplanen sine punkt for forsamlinga.

Det vart påpeika av ein representant i forsamlinga at dette er ein god handlingsplan og at representanten meiner LLP bør kunne tære på eigenkapitalen for å nå måla i handlingsplanen, dersom styret ser dette som naudsynt.

Styret vart bede om å utdjupe punktet om organisasjonsstruktur og kva meining styret la i dette. Det vart også stilt spørsmål ved grunnen til at styret har gjort framlegg om at LLP bør få eit nytt namn. Nestleiar orienterte om at styret i 2014 starta ein diskusjon kring måten organisasjonen er organisert på og at dette har betydning for evna til revitalisering og synleggjering. Organisasjonen må styrkast for å nå dei mål ein har sett seg. Bakgrunnen for framlegget om namneendring er ei oppfatning i styret av at «folk flest» ikkje har eit forhold til namnet.

Det vart og understreke frå styret at spørsmålet om namneendring er under utgreiing. Det vil ikkje skje ei namneendring som ikkje er lagt fram og godkjent av landsmøtet.

Vedtak: Styret sitt framlegg til handlingsplan vart einstemmig vedtatt.

Sak 7. Val av styre

Møteleiar gav ordet til Siri Jordal, medlem av valkomiteen. Jordal la fram valkomiteen sitt framlegg til styre, vararepresentantar og til revisjonsfirma.

Vedtak: Valkomiteen sitt framlegg til styre vart einstemmig vedtatt. Valkomiteen sitt framlegg til revisjonsfirma vart handsama separat og einstemmig vedtatt.

Sak 8. Val av valkomité på tre medlemmer etter framlegg frå styret
Møteleiar leste opp styret sitt framlegg til valkomité.

Vedtak: Styret sitt framlegg til valkomité vart einstemmig vedtatt.

Sak 9. Framlegg fremja av medlemer eller av styret

Det har ikkje kome inn saker til handsaming frå medlemer. Styret har ikkje gjort framlegg om saker.

Landsmøtet vart avslutta kl. 16.28.

26.5.15 Anita Haugen Lie

Dato

Anita Haugen Lie

17.5.15 Anne Aune

Dato

Anne Aune